



Fyllingen Maskin AS
Postboks 120 Kokstad
5863 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3390 - 22/45349

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
13.06.2022

Løyve til utslepp av avløpsvatn - tett tank - gbnr 185/284 Isdal

Administrativt vedtak:	Saknr: 672/22
Byggestad:	Gbnr: 185/284
Tiltakshavar:	Fyllingen Maskin AS
Ansvarleg søkjar:	Fyllingen Maskin AS
Type utslepp:	Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50pe
Søknadstype:	Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

VEDTAK

Det vert gjeve utsleppsløyve for brakkerigg på gbnr. 185/284 Isdal på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast filstrekkelig dimensjonert typegodkjent tett slamtank.
2. Slamtanken må plasserast slik at avstand til plass med mogelegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).
3. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensning av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
4. Det skal installerast nivåvarsling på oppsamlingstank.
5. Brakkeriggen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
6. Tiltaket er søknadspålagt etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
7. Før avløpsanlegget kan takast i bruk må det liggje føre stadfesting frå montør, tømmeavtale med godkjent føretak og koordinatar for plassering av anlegget.

Vedtaket er heimla i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for brakkerigg på gbnr. 185/284 Isdal.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå brakkeriggen skal førast til tett tank. Tanken skal ha nivåvarsling. Storleik på utslepp er ikkje oppgjeve i søknaden.

Det er opplyst i søknaden at det er naudsynt å få bruke tett tank inntil det er mogeleg å kople seg til offentleg spillvassleidning. Denne tilkoplinga er tiltenkt etter at det er grave opp veg og lagt rør.

Det vert elles vist til søknad mottatt 21.04.2022.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2.

Uttale frå anna styresmakt

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

Plassering

Plassering av tank er vist i kart vedlagt søknaden.

Reinseløysing

Utsleppet frå brakkeriggen skal samlast i tett oppsamlingstank.

Drift og vedlikehald

Det skal liggje føre avtale med godkjent føretak for tømning av oppsamlingstank. Tank skal monterast med nivåvarsling.

Det er vedlagt søknaden avtale datert 21.04.2022 med Norva24 før tømning av slamtank ved behov.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på Rygir Tomteutvikling AS sin eigedom gbnr. 185/284 Isdal. Alver kommune føreset at privatrettslege tilhøve mellom Fyllingen Maskin AS og Rygir Tomteutvikling AS er avklara.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Utslepp til tett tank er i utgangpunktet noko kommunen normalt sett ikkje vil godkjenne. I denne særskilte saka har kommunen vurdert at søknad om utsleppsløyve kan godkjennast slik den ligg føre med utslepp til tett oppsamlingstank.

Vurderinga er gjort ut frå at avløpet er knytt til avløp frå ein mellombels brakkerigg. Det er sett krav om nivåvarsling på tank og avtale med godkjent føretak for tømning av tank. Det er kommunens vurdering at det er liten risiko for eventuell ureining ved ei slik løysing.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart vedlagt søknaden.

Nabovarsling

Alver kommune vurderer at tiltaket kan etablerast utan nabovarsling. Utslepp til tett tank vil ikkje råka naboar i noko grad.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap. 20. Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova må sendast inn av eit ansvarleg føretak.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forureiningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/3390

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fyllingen Maskin AS

Postboks 120 5863
Kokstad

BERGEN

Fyllingen Maskin AS

Postboks 120 5863
Kokstad

BERGEN